



## REGULERINGSFØRESEGN OMRÅDEPLAN TURUFJELL

Plan- og bygningsloven § 12-7 gjer heimel til å lage reguleringsføresegn. Saman med plankartet er føresegnene eit juridisk dokument. Føresegnene utfyller og utdjuvar arealbruken sett i plankartet.

### § 1. AVGRENSING

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense på plankartet, dagsett 21.07.2017.

### § 2. REGULERINGSFORMÅL

Innanfor plangrensa gjeld følgjande reguleringsformål:

#### Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr 1)

- Fritidsbebyggelse
- Fritidsbebyggelse - frittliggende
- Skianlegg
- Vatn- og avløpsanlegg
- Renovasjonsanlegg
- Kombinerte byggeformål

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr 2)

- Veg
- Køyreveg
- Annen veggrunn - grøntareal
- Parkering

#### Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr 3)

- Turveg
- Grønnstruktur
- Kombinerte grønnstrukturformål

#### Landbruks-, natur- og fritidsformål samt reindrift (PBL §12-5, nr 5)

- Landbruksformål

#### Hensynsoner (PBL §12-6)

- Bevaring naturmiljø
- Høgspenningsanlegg (inkl. Høyspentkabler)
- Nedslagsfelt drikkevann
- Andre sikringsoner

### § 3. FELLESFØRESEGN

#### §3.1 Plankrav

Områda H1-H210, BSA1, BKB-BFT/BFK, BRE, SPA1-SPA5 kan byggast ut etter føresegna i denne planen.

Det er krav om utarbeiding av detaljplan for områda BFR1-BFR45, BSA2 og BKB-BSM/BVA/BL (ved uttak av over 10000m3 fastmasse) før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor desse byggjeområde.

Innanfor byggeområda i planen kan det byggast ca. 2000 einingar. Områda BRF33,34 og 40-45 er tidlegare godkjente planar som er teken inn i denne planen og er ikkje ein del av total talet. Ei ca. fordeling på tal einingar er synt i tabell nedanfor. Tabellen er rettleiande, det kan gjerast omdisponeringar.



Område	Einingar	Område	Einingar
BFR1	25	BFR20	20
BFR2	30	BFR21	10
BFR3	20	BFR22	90
BFR4	20	BFR23	185
BFR5	30	BFR24	60
BFR6	10	BFR25	80
BFR7	40	BFR26	5
BFR8	30	BFR27	25
BFR9	115	BFR28	5
BFR10	5	BFR29	40
BFR11	3	BFR30	190
BFR12	20	BFR31	45
BFR13	165	BFR32	80
BFR14	20	BFR33,34 og 40-45	50 (Tidl. godkjent)
BFR15	105	BFR35	60
BFR16	20	BFR36	2
BFR17	10	BFR37	2
BFR18	4	BFR38	20
BFR19	10	BFR39	20

- Det kan lagast detaljreguleringsplan for heile eller delar av eit område, ein kan og detaljere fleir område samtidig.
- Prinsipp lagt i denne områdeplan skal i hovudsak vidareførast i detaljplanane.
- Områda BSA2 og BFR30 skal regulerast i same plan.
- Åtkomst til dei ulike byggeområda er synt i plankartet og kan ved detaljregulering flyttast.
- Førekomstar av rødlisterartar skal vurderast og tas omsyn til ved detaljregulering.

### § 3.2 Rekkefølgjekrav

#### 1) Krav i samband med utbyggingsrekkefølge:

1. BSA 1 skal vere opparbeidd med heis og nedfart innan igangsettingsløyve vert gjeven for fritidseining nr. 100.

#### 2) Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur

1. Omlegging av veg forbi Heimoen bustadfelt, og breddeutviding av vegen mellom FV. 203 og jernbaneundergang, skal vere ferdigstilt før anleggsarbeid i områdeplan Turufjell eller H29 - Veneliskogen i arealdelen vert sett i gang.
2. Gangveg langs Fv. 203 frå Flå stasjon til kryss Heivegen og frå kryss Heivegen til byggefelt på Heimoen skal vere bygd før igangsettingsløyve for fritidseining nr. 100 vert gjeven innan områdereguleringsplanen eller H29 - Veneliskogen i arealdelen.
3. Teknisk infrastruktur skal vere graven til området før utbygging
4. Renovasjonspunkt BRE skal vere opparbeidd med nødvendig utstyr før det vert gjeven bruksløyve for 1. eining i byggesteg 1.
5. Veg SKV 22 til Skarsdalen skal vere opparbeidd innan igangsettingsløyve vert gjeve for fritidseining nr. 100.
6. Før det vert gjeven IG på eining nr. 420 (byggetrinn 1) skal det føreliggje ny trafikkvurdering for trafikkbelastninga området har på rv.7.

### § 3.3 Utbyggingsrekkefølge:

Utbygging av kvart byggeområde kan vurderast ut frå marknaden, men utbygginga innanfor området skal i hovudsak følgje oppsett synt nedanfor. Områda BFR33, 34 og 40-45 er tidlegare godkjente område som er teke inn i planen og er ikkje med i oppstillinga for byggetrinn.

- Byggetrinn 1: H1-H210, BSA1, BKB-BFT/BFK, BKB-BSM/BVA/BL, BRE, SPA1-SPA2 og SPA5
- Byggetrinn 2: BFR1-7, BFR14-19, BFR 24, BFR26-27 og BFR35-38
- Byggetrinn 3: BFR8-13, BFR30-32 og SPA4
- Byggetrinn 4: BFR20-23, BFR25, BFR28-29, BSA2 og SPA3

### § 3.4 Kulturminner

Om det under anleggsarbeid eller annan verksemd i området dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoppast ratt, og regional mynde varslast, j.f kulturminneloven § 8. 2.ledd.

### § 3.5 Landskapstilpassing og terrengingrep

∴

2.∴



1. Ved utbygging skal det leggjast vekt på god tilpassing til landskapet og terreng. Område med snaufjell skal haldst fri for hytter.
2. Ved tilrettelegging av fritidseiningar i terreng brattare enn 1:6 må det settast krav til behandling av tomte og utforming av bygnaden for å innpasse seg terrenget.
3. Skjøtsel av areal som ikkje er byggeområde skal skje etter skoglova
4. Det skal ikkje gjerast endringar i terrenget ut over det som er naudsynt for grunn- og terrengarbeid for infrastruktur, alpinanlegg, bygd del av tomt, tilkomst og parkering
5. Det skal leggast vekt på best mogleg terrengtilpassing ved plassering av bygg innanfor byggegrensa
6. Terrengingrep i samband med opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur og parkering skal utførast så skånsamt som mogleg. Vegar skal følgje og tilpassast terrenget. Teknisk infrastruktur skal i hovudsak leggast i køyreveg for å redusere terrengingrep.
7. Masseuttak skal leggast slik at terrengingrep vert redusert.

### § 3.6 Grøne og blå strukturar

1. Samanhengande grønstruktur skal sikrast ved etablering av korridorar gjennom område og ut til dei større samanhengande naturområda. Bekkar, tjern og myrdrag skal sikrast i desse korridorane. Byggegrense til Olaseterbekken er 50 m. Byggeavstand til andre vassdrag med årsikker vassføring er 20 meter.
2. Naturlege flaumvegar skal i størst mogleg grad bevarast, ved behov må areal settast av til etablering av nye flaumvegar.
3. Økologisk tilstand i tjern, bekkar og elver skal ikkje forringast jf. miljømål for desse "Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021"
4. Trua artar og områder med rikt biologisk mangfald skal ikkje byggast ned.

### § 3.7 Utredningskrav

1. Forhold som førar til endring av våtmarker og naturleg drenering.

### § 3.8 Parkering

#### 1) Fritids- og turistformål/fritidsbyggnad-konsentrert (BKB-BFT/BFK):

Følgande tal skal nyttast for utrekning av parkering i utleigebygg:

- 1 p-plass for eining under 65 m<sup>2</sup> BRA.
- 1,5 p-plass for einingar mellom 65 m<sup>2</sup> og 85 m<sup>2</sup>.
- 2 p-plass for einingar over 85 m<sup>2</sup>.

Om det vert bygd felles parkeringsanlegg for fleire enn 10 einingar kan krav over reduserast med inntil 25%, dog skal kvar eining ha minst 1 biloppstillingsplass.

#### 2) Frittliggende fritidsbustader (H1-210 og BRF1-45):

Det skal opparbeidast 2 biloppstillingsplassar á 18m<sup>2</sup> kvar pr. eining.

#### 3) Skianlegg og aktivitetsområde:

- For BSA1 og aktivitetsområde G1 skal det opparbeidast minimum 300 p-plassar for dagsparkering på SPA1, SPA2 og BKB-BFT/BFK
- For BSA2 skal det opparbeidast minimum 150 p-plassar for dagsparkering på SPA 4
- På SAP3 skal det opparbeidast minimum 150 p-plassar for dagsparkering

### § 3.9 Energi og miljø

ENØK-tiltak og alternative energikjelder skal vere ivaretatt if. gjeldande forskriftskrav. Utandørs kabel for elektrisitet og informasjonsteknologi skal i hovudsak gravast ned.

### § 3.10 Universell utforming

For alle deler av planen skal det jobbast med tilpassing til universell utforming. Det skal vere tilrettelagt mellom hovudinngang(er) og alle plan med inngang til bueningar, til parkeringsetasjar og elles til areal med publikumsretta funksjonar og daglege arbeidsoppgåver. Grøntområde skal fungere som likeverdig rekreasjonsområde for alle brukarar så langt det let seg gjere terrengmessig. Det skal leggast vekt på universell utforming i område som skal kunne nyttast av så mange som mogleg på like vilkår.

### § 3.11 Vatn- og avløpsanlegg

1. Det skal lagast leidningsnett for vatn- og avløp fram til tomtegrense. Ny bygnad skal kople seg til kommunal vassforsyning og avløpsanlegg for planområdet. Eksisterande hytter har også tilkoplingsplikt dersom det skal leggast inn vatn.
2. Alle tekniske anlegg som skal overtakast av kommuna skal byggast etter Flå kommune sin standard.

### § 3.12 Vegar

1. Stikkrenner og grøfter må sikrast tilstrekkeleg dimensjon for noverande og framtidige tilhøve.

∴

3.∴



- ∴
2. Kryssing av Olaseterbekken skal gjerast med bru. For andre vassdrag i området må type kryssing vurderast ut frå vassføring og flaumsituasjon på staden.
  3. Der hovudskiløyper kryssar hovudvegar skal dette skje planfritt med kultvert eller bru.

### § 3.13 Flaumfare

1. For områda der det er planlagt bygnad og som er dekkja av faresoner for flaum, eller ligg lågare en 0,5 meter over faresonen, skal det gjennomførast risikoreduserande tiltak.
2. For sidebekkar til Olaseterbekken anbefaler ein å nytte sikkerhetsmargin på 1 meter mot planlagt bygnad over regulert vegetasjonsbelte.
3. Bruer og kulvertar som kryssar vassdrag internt i planområdet skal dimensjonerast for en 200-årsflom. Det skal også sikres trygge flaumvegar.
4. Mindre bekkar i forbindelse med planområdet som ikkje er omfatta av rapporten må handsamast tilstrekkeleg med tanke på flaum. Det skal utarbeidast ein felles flomvurdering for øvre del av Østre Slåttemyrbekk. Denne skal være på plass før byggesaksbehandling av tomter langs vassdraget.
5. Ved detaljregulering av skal flaumfaren vurderast og det skal visas korleis sikkerhet mot flom er ivareteke.
6. Overvatn må hansamast på ein hensiktsmessig måte internt i planområdet som ikkje gjer auka risiko for flaum og skred for nedstraums bygnad. Opparbeiding av tette flater og endring av dreinsvegar kan potensielt auke flaumvassføringa i bekkane. Overvasshandtering skal derfor inngå i samband med byggeplan for kvart enkelt felt.
7. Det er vurdert at fastsatt vegetasjonsbelte langs bekkeløpa gjev tilstrekkeleg sikkerheit mot erosjon mot planlagt bygnad. Om bygnad vert lagt nærare bekkkant enn 20 meter bør erosjonssikring vurderast på byggeplannivå.

Aktuelle tiltak er omtala i rapport nummer 17085-01-1 frå Skred As, ”Flå, Turufjell - flomvurdering”.

### § 3.15 Andre felles høver

1. Det skal ikkje nyttast raudt lys i slalåmbakkar, gatelys og bygningar grunna lysforureining som vil vere synleg i fleire mils omkrets.
2. Ved etablering av snøproduksjonsanlegg skal det søkast om løyve. Med søknaden skal det følgje ei vurdering rundt uttak av vatn.

## § 4. BYGG OG ANLEGGSFØREMÅL

### §4.1 BRE - Renovasjonsanlegg

Renovasjonsanlegget er felles for fritidsbygnad innanfor områdeplan. Området skal til ei kvar tid vere opparbeidd med nok utstyr til å betene dei einingane som er ferdigstilt innan planområdet. Det er lov å etablere trafo-stasjon og kommunalteknisk anlegg/bygg for vatn i området.

### § 4.2 BKT - Kommunalteknisk anlegg

Det kan lagast kommunalteknisk anlegg og bygg for handtering av vatn og avløp.

### § 4.3 BSA - Skianlegg

Område for skiheis/gondol, løyper, turstiar, sykkelstigar, sykkelpark, aktivitetsområde, skianlegg, hoppanlegg, friluftsområde, anlegg for kommunalteknikk og andre trasear.

Vegetasjon kan ryddast i alpintrasear og terrengarbeid kan utførast for å oppnå ynskt løypekvalitet. Etter terrengarbeid skal det såast for å sikre et godt visuelt uttrykk.

Det kan setjast opp:

- Skiheisar med tilhøyrande bygningar.
- Servicebygg med bevertning i samband med heisanlegga
- Lysanlegg for løyper.
- Sikringstiltak for alpinløyper i form av gjerde eller anna stengsle.
- Snø- og vindskjermar.
- Anlegg for snøproduksjon. Støy frå snøproduksjon og drift av anlegga er ikkje grunnlag for støydempende tiltak mot bygnad og opphaldsareal.

Ein må ta omsyn til bekkar og flaumløp innanfor områda ved opparbeiding av nedfartar for å sikre avrenning av overflatevatn. Stikkrenner og grøfter må sikrast tilstrekkeleg dimensjon for noverande og framtidige tilhøve.

### §4.4 BKB - BFT/BFK - Fritids og turistføremål/ fritidsbyggnad-konsentrert

#### 1) Utnytting og plassering

- Det kan oppførast bygg for forretning, næring, service, bevertning og einingar til fritidsføremål.

∴

4.∴



∴

- Utnyttingsgrad BYA=50% av tomtas areal, utvendig trafikk- og parkeringsareal skal ikkje reknast med i %BYA.
- Bygg skal plasserast innanfor byggegrensa.
- Bygg skal plasserast med omsyn til terreng, og ligge mest mogleg i balanse mellom skjering og fylling.

## 2) Utforming og materialbruk i bygg.

- Bygnad kan ha flatt tak, pulttak eller saltak. Maksimal gesimshøgde ved flatt tak 15 meter, pulttak 16 meter og saltak 12 meter. Maksimal mønehøgde for saltak er 16 meter. Alle mål er målt over gjennomsnittsnivå på terreng.
- I fasaden på bygningane skal det, i tillegg til konstruksjonsmaterialet (for eksempel betong, stål) nyttast materiale som tre, glas og/eller stein.
- Taktekking skal vere torv, tre, skifer eller andre byggjemateriale i matt svart eller gråtonar.

## 3) Andre høve.

- Renovasjon for næringsverksemd skal løysast på eige tomt.
- Parkering skal løysast på eigen tomt, eller i samband med parkeringsformål i samsvar med føresegnes § 3.8.

## **§ 4.5 BFR - Fritidsbygnad**

Områda BFR1-BFR45 kan byggjast ut til fritidsbygnad. Heile eller delar av eit område kan detaljerast. Fleire av områda kan detaljerast under eitt. Prinsipp lagt i denne områdeplan skal i hovudsak vidareførast i detaljplanane, samt at:

- Vegar mellom dei ulike utbyggingsføremåla kan etablerast i LNF-område i samband med detaljreguleringar.
- Bygnad skal utformast i samsvar med støyretningslinje T-1442 (2005).
- Det skal utarbeidast VA-planar for delområda
- I områda BFR32- BFR34 skal hytter som vert lagt i terreng over 855 moh. gjeld følgjande:
  - \* Lengderetninga på hytta følgje høgdekotene
  - \* Bygningar skal ha saltak, max mønehøgde er 5,5 meter over planert terreng
  - \* Møner skal ligge i hytta si lengderetning, tverrmøne er berre tillate som mindre tak over inngangsparti.
- I område BFR30 gjeld følgjande:
  - \* Lengderetninga på hytta følgje høgdekotene.
  - \* Møner skal ligge i hytta si lengderetning, tverrmøne er berre tillate som mindre tak over inngangsparti.

## **§ 4.6 H - Fritidstomter**

### 1) Utnytting og plassering

- Kvar tomt kan ha inntil tre bygg, dvs. eit fritidshus, eit annekset og eit uthus/garasje
- Bygg skal plasserast med omsyn til terreng, og ligge mest mogleg i balanse mellom skjering og fylling.
- På tomter med gjennomsnittleg stigning over 1:6 skal lengderetninga på hytta følgje høgdekotene.
- På tomter med gjennomsnittleg stigning mellom 1:6-1:4 skal hytta trappast i terrenget, eller ikkje vere breiare enn 6 meter.
- På tomter med gjennomsnittleg stigning over 1:4 skal hytta trappast i terrenget, eller ikkje vere breiare enn 5 meter. Ved pulttak på tomter med stigning over 1:4 skal tak falle i same retning som terrenget
- Utnyttingsgrad for kvar tomt kan vere maksimalt 236 m<sup>2</sup> BYA pr. tomt. Innanfor dette arealet kan summen av fritidshus og annekset vere på inntil 150 m<sup>2</sup>. Annekset kan ikkje vere større enn 50 m<sup>2</sup>. Uthus/garasje kan vere på inntil 50 m<sup>2</sup>. Det er krav om to parkeringsplassar á 18 m<sup>2</sup> pr. fritidsbustad som vert rekna med i utnyttingsgraden for tomta.

### 2) Utforming og materialbruk i bygg.

- Fritidshus kan ha flatt tak, pulttak eller saltak. Maksimal gesimshøge ved flatt tak er 4 meter og ved pulttak 6 meter. Maksimal mønehøgde for saltak er 6 meter. Alle mål er målt over gjennomsnittsnivå på terreng.
- I fasaden på bygningane skal det nyttast materiale som tre, glas og/eller stein, bortsett i frå grunnmur.
- Taktekking skal vere jord/torvtak, tre, skifer eller papp i svart/gråtonar.

∴

5.∴



∴

- Anneks og uthus/garasje kan ha flatt tak, pulttak eller saltak. Maksimal gesimshøge ved flatt tak 3,5 meter og pulttak 5 meter. Maksimal mønehøgde for saltak er 5 meter. Alle mål er målt over gjennomsnittsnivå på terreng.
- Anneks og uthus/garasje skal vere tilpassa hovudeininga.

### 3) Andre høve.

- Etter søknad til kommuna er det tillate å gjerde inn inntil 200 m<sup>2</sup> av tomta, under føresetnad av at det vert nytta sauesikkert gjerde av naturmateriale. Grind skal svinge utover.
- Parabolantenne skal ikkje monterast over takflata, farga skal vere lik hytta.
- Vindskier skal ha same farge som hovudfarga på hytta.
- Vegfyllingar og skjeringar kan ligge innover tomtene. Ved opparbeiding av tomtene må ein ta omsyn til eventuelle fyllingar og skjeringar. Bratte skjeringar og fyllingar skal sikrast med gjerde. Fyllingar skal såast til og plantas, eventuelt lagast som støttemur.
- Lyskjelde utvendig skal vere skjerma, for å minimere lysforureining og blending.
- Flaggstang er ikkje tillate
- Badestamp/jacuzzi er det kun tillate å sette opp etter søknad/utsleppsløyve frå kommuna.
- H210 er ei eksisterande tomt.

## § 4.7 BKB-BSM/BVA/BL

Ved uttak av massar over 10000m<sup>3</sup> fastmasse må det utarbeidast detaljreguleringsplan for området.

### 1) Masseuttak BSM:

- I området sett av til steinbrot og masseuttak kan det gjerast uttak, knusing, transport og lagring av steinmassar.
- Sprenging og knusing av steinmasser skal konsentrerast til maks 3 gonger i året og ha ei varighet på maks 30 dagar pr gong.
- Driftstida for knuseverk er 7-19 på kvardagar. Graving, lasting og transport av masser kan skje på kvardagar heile året.
- Støy frå verksemda skal ligge innanfor rammer omtala i "Retningslinje for støy i arealplanlegging"(T-1442).
- Samla uttak av mineralforekomstar over 10 000m<sup>3</sup> krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning. Søknad om konsesjon skal innehalde driftsplan.
- Driftsplanen skal fastsette utforming og rekkefølge for gjennomføring av uttaket.
- Uttaksområdet skal vere sikra slik at det er utilgjengelig for allmenta med gjerder og skilt.
- Før utsprenging tar til skal avdekkingsmasse gravast av.
- Etter at uttaket er avslutta skal området ha ei trygg terrengmessig utforming som er så lik eksisterande omkringliggjande terreng som mogleg. Det vil seie at brotkantar m.m. ikkje må ha brattare helling enn 1:2. Alle skråningar skal revegeterast.
- Dei midlertidige veggane skal formast slik at dei passar så godt inn i terrenget som mogleg og ha skråningar/fyllingar som er så slakke at en unngår erosjon og problem for beitedyr.
- Når masseuttaket er avslutta skal heile området ha føremål renovasjonsanlegg.
- Masseuttaket skal være avslutta og område ferdig opparbeidd innan 60 år etter at reguleringsplanen er godkjent.

### 2) Avløpsanlegg BVA:

- Det kan etablerast nødvendige bygg og anlegg for behandling av avløp.

### 3) Lager BL:

- Det kan etablerast nødvendige bygg/lager og uteområde for verksemd innanfor planen.

## § 4.8 LNF2\_26 - Område for spreidd fritidsbygnad

- Det kan byggjast ei buening (eitt kjøkken) pr. tomt. Kvar tomt kan ha tre bygg, dvs. Eitt fritidshus, eitt anneks og eitt uthus/garasje
- Utnyttingsgraden er 186 m<sup>2</sup> BYA pr. tomt. Innanfor dette arealet kan summen av fritidsbustad og anneks vere på inntil 120 m<sup>2</sup>. Fritidsbustaden kan maks vera 100 m<sup>2</sup>, anneks kan ikkje vere større enn 30 m<sup>2</sup>. Uthus kan vere på inntil 30 m<sup>2</sup>. Om det er veg fram til tomta, er det krav om to parkeringsplassar à 18 m<sup>2</sup> pr. fritidsbustad. Avstand mellom fritidshus og anneks skal vera maks. 3 meter.
- Bygningar skal leggjast i balanse mellom skjering og fylling. Fylling skal ikkje overstige 1,0 meter og kan ikkje strekkje seg lenger enn 3 meter frå yttervegg.
- Mønehøgde, form og materialbruk skal samsvare med omkringliggjande bygg. Som regel skal det nyttast naturmateriale og mørke jordfarger i fasadar.
- Det er ikkje tillate med flaggstong, spir eller klokkeårn.

∴

6.∴



∴

- Det er tillate å gjerde inn inntil 400 m<sup>2</sup> av tomta, inklusiv bygg, under føresetnad av at det vert nytta sauesikkert gjerde. Grind skal svinge utover.
- Det kan førast fram infrastruktur som veg, straum, breiband, vatn, avløp osb. Det er ei førutsetting at dette vert planlagt og utført med tanke på minst mogleg terrenginngrep og hogst av skog

## § 5. GRØNSTRUKTUR

### § 5.1 G - Grønstruktur

Område for grønstruktur. Innanfor området kan det lagas løyper/stigar for tur-, sykkel- og ski. Det kan førast opp tilhøyrande bygg for desse aktivitetane. Det kan også lagast grøfter til å grave ned teknisk infrastruktur, samt etablerast nødvendige bygg for vatn og avløp. Det skal ikkje gjerast tiltak som hindrar framkomme.

### § 5.2 GKG - Kombinerte grøntstrukturformål

GKG1 og 4 er skitrase for alpin. Område GKG 2 og 3 er trase langrennsløype. Innanfor området kan det lagas løyper/stigar for tur-, sykkel- og ski. Det kan også lagast grøfter til å grave ned teknisk infrastruktur.

## § 6. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### § 6.1 Generelt

Fyllingar og skjeringar skal revegeterast/såast, dette må skje seinast første vekstsesong . Ny botnvegetasjon skal harmonere med eksisterande vegetasjon. Større fyllingar kan lagast som støttemur for å ta opp høgdeforskjellar. Alle nye vegar skal halde seg innanfor stigningskravet i skogsbilvegklasse III på 1:10.

Innan frisktline markert i plankartet er det ikkje tillate med bygg, konstruksjon, terreng eller vegetasjon som stikk meir enn 0,5 m over vegarealet som frisktline gjeld for.

### § 6.2 SKV - Køyreveg

Hovudveg: Veg SKV 1 og 3. Regulert breidde 12 meter. Vegbreidda er 6 meter inkl. 0,5 meter skulder på kvar side. Teknisk areal er 3,0 meter på kvar side.

Internveg: Veg SKV 2, 4-48. Regulert breidde 10 meter. Vegbreidda er 5 meter inkl. 0,25 meter skulder på kvar side. Teknisk areal er 2,5 meter på kvar side.

### § 6.3 SVG - Annan veggrunn - tekniske anlegg

Område for skjering/fylling, samt tekniske anlegg i samband med vegen

### § 6.4 SV - Veg

Fellesveg: Veg SV1-5. Regulert breidde 5 meter. Vegbreidda er 5 meter inkl. 0,5 meter skulder på kvar side.

- SV1 er felles for tomt H77-H78
- SV2 er felles veg for tomt H87-H90
- SV3 er felles veg for tomt H142-H145
- SV4 er felles veg for tomt H157-H158
- SV5 er veg for tomt H209
- SV6 er veg for tomt H210

## § 7. LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL

### § 7.1 L - Landbruksformål

- Det skal ikkje gjerast tiltak som hindrar framkomme.
- Tekniske anlegg som trafoar, fordelingsskap, brunnar, fangdammar, leidningstrasear osv. kan lagast innanfor området. Bygningar i samband med tekniske anlegg skal skjermast med vegetasjon.
- Innanfor området kan det lagast løyper for tur-, sykkel- og ski. Det kan førast opp tilhøyrande bygg og anlegg for desse aktivitetane.

∴

7.∴



- ∴
- Vegar mellom dei ulike utbyggingsføremåla kan etablerast i LNF-område i samband med detaljreguleringar.

Skjøtsel av areal som ikkje er byggeområde skal skje etter skoglova. Elles gjeld dei generelle reglane for bygging i LNF-område.

## **§ 8. HENSYNSONE I REGULERINGSPLAN**

### **§ 8.1 H110 - Sikringszone**

H110 Nedslagsfelt drikkevatt: Sikringszone for drikkevasskjelde

### **§ 8.2 H120 - Sikringszone**

H120 Område for grunnvassforsyning: Sikringszone for boring etter grunnvatn. Det er konsesjons- og utgreiingsplikt for denne type aktivitet etter vassressurslova, det må derfor søkast om løyve.

### **§ 8.3 H140 - Sikringszone**

H140 Frisikt: I frisiktsona er det ikkje tillate med bygg, konstruksjon, terreng eller vegetasjon som stikk meir enn 0,5 m over vegarealet som frisiktsona gjeld for.

### **§ 8.4 H320 - Faresone**

H\_320 Flaumfare: Faresone for flaum. Tiltak som omfattar flaumsona er list opp i § 3.16 Flaumfare.

### **§ 8.5 H370 - Faresone**

H\_370 Høgspenningsanlegg: Faresone for høgspent gjennom planområdet. Innan området merka hensynsone H\_370, må utbygging etablerast med avstand til kraftledning slik at krav etter regelverk under el-tilsynlova (LOV-2009-06-19-103) forvalta av Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap vert overhalde.

### **§ 8.6 H560 - Angitt hensynsone**

H560\_1 Bevaring naturmiljø: Regulert for naturtypelokalitet Slåttemyrtjern. Det skal ikkje gjerast tekniske inngrep eller hogst innanfor området. I samband med anleggverksend skal området merkast godt, og det skal ikkje settast maskiner eller utstyr på eller i nærleiken av hensynsona.

H560\_2 Bevaring naturmiljø: Regulert for tjern og eit belte på 20 m frå kant på tjern i tillegg. All oppføring av byggverk innan sona er forbode.

H560\_7 - H560\_8 Bevaring naturmiljø: Regulert for bekkekløft i eit belte på 20 m til kvar side av bekk. Det er lov å krysse bekkekløft med veg, kryssing skal forgå med bru. All annan oppføring av byggverk innan sona er forbode.

H560\_9 Bevaring naturmiljø: Regulert som buffersone for naturtypelokalitet Slåttemyr i eit belte på 20 m rundt lokaliteten.

### **§ 8.7 H570 - Angitt hensynsone**

H570\_1- H570\_2 Bevaring kulturmiljø: "Hensynsonene omfattar et bufferareal for det automatisk fredete kulturminnet ved Olasetra og et sammenhengende område omkring de 11 automatisk fredete kulturminnene ved Gøffeputten. Innenfor H570\_1 og H570\_2 er det ikke lov å kjøre med tunge kjøretøy, lagre anleggsutstyr eller byggematerialer, eller gjøre inngrep i grunnen. Skogsdrift skal utføres skånsomt, slik at markdekket og grunnen ikke tar skade."

### **§ 8.8 H730 - Båndleggingszone**

H730\_1- H730\_14 Båndlagt etter kulturminneloven: "Hensynsoner for automatisk fredete kulturminner - et jernvinneanlegg ved Olasetra og et jernvinneanlegg samt 9 kullgroper ved Gøffeputten fra yngre jernalder-middelalder {700-1400 e.kr.)- båndlagt etter kulturminneloven. Det er ikke tillatt å sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme det automatisk fredete kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje. Dette gjelder kulturminnet og en sikringszone på 5 meter utenfor kulturminnets synlige yttergrense."